



Dei flinke ungdommane i redaksjonen har gjort ein flott jobb.

For 11. året på rad er julenummeret av den populære Uskedalposten komen i butikkhyllene. Det eit innhaldsrikt og godt nummer med lesestoff som passar svært godt når ein skal kosa seg i julehøgtida. Heile 48 sider er denne rekordtjukke utgåva av dette kjærkomne lokale bladet. Imponerande nok ein gong.



# USKEDALSPOSTEN

Jula 2015

11. årgang

Laussal kr. 60,-



## God Jul



Hobbyklubben gjennom 10 år  
Side 10 -17



Julekort i over 130 år  
Side 40-45



Krigsminne  
Side 22-32



Jul i sjømannskyrkja i  
New Orleans Side 18-20

Mandius og HSD-sjørøverane Side 4 - 8

[Eit innholdsrikt og godt julenummer.](#)

Innhaldet er variert med noko som er interessant for alle. I og med Hobbyklubben som står bak utgjevinga av

Uskedalsposten, har 10-års jubileum i år, har redaksjonen funne plass til eit interessant tilbakeblikk på aktiviteten i klubben. Dette er flott presentert gjennom tekst og kjekke bilete.

Som vanleg finn vi også denne gongen svært interessant lokalhistorisk stoff frå litt tidlegare tider. Med utgangspunkt i ein kontrakt som bestefaren Mandius Myklebust signerte med HSD i 1934 om bruk av Sandakaien, har Ove A. Olderkjær bidrege med ein svært interessan artikkel der han m.a. kjem inn på kampen mellom dei ulike rutebåteigarane. Ein svært interessann, gjennomarbeidd og velskriven artikkel.

### KRIGSMINNER

Sverre Myklebust.

Nokre minner frå mine veker i krigen i Valdres; veker du kunne synast var lange som år.

---

Kva det var som gjorde det den aprilmorgonen i 1940 at Solveig slo på radioen kl 0700, det veit eg ikkje. Men vi fekk i alle fall høyra at det var senka ein båt eller to utanfor Sørlands-kysten. Dei sa ikkje akkurat at vi var i krig då, men vi tok til å ana noko gale. Det vi aldri kunne forestilla oss var korleis dette skulle bli.

Før denne tida hadde eg vore svært politisk interessert i unge

[Krigsminne frå Sverre Myklebust.](#)

Gjennom materiale frå Reidar Myklebust har Uskedalsposten fått tilgang til svært verdifull historie frå krigen. Det er skriftleg nedskrive av av faren Sverre, Rabba-Sverren som vi hugsar han som. Han deltok som frivillig i kampene i Valdres, hadde sterke opplevingar der, og dette var ting han aldri snakka om.



Tradisjonelt julekort fra 1925 med nisser og griser. Julekortet er poststemplet i Haugesund 21.XII.25 og sendt videre til Fjellandsbø.

Julekorta har ei lang og kjær historie. I over 130 år har vi sendt slike julehelsingar. Med mange fine bilete av julekortmotiv og tekst til, deler Tore Mathiesen denne historien med lesarane. Her er verkeleg mykje vakkert å sjå! Dette vekker mange gode minne.

Elles har dei flinke ungdommane i redaksjonen bidrege med mykje godt julestoff som høyrer med i eit slikt hefte. Dei har hatt førjulssnøptest, hatt juleintervju med unge Linnea Ripel og rektor Lilli Britt Urheim på skulen. I tillegg har dei spurt 10 andre i Hobbyklubben om jul og julefeiring. Ungdomsredaksjonen har denne gongen vore samansett av Celine Musland, Karsten Bjørnebole, Torbjørn Haugland, Emma Myklebust Ripel, Anna Elisabeth Samland Eik og Saima Kristine Lomheim Døssland. Jon Harald Kjærland og Tore Mathiesen har vore leiarar for avisgruppa dette halvåret.

Men det er meir interessent julestoff. Før Oddbjørg Heimark kom til Kvinnherad, var ho 6 år ved sjømannskyrkja i New Orleans. Ho fortel oss om juleopplevingar frå denne tida. Maten har jo også ein sentral plass i jula. Gjennom Kristian Bringedal sin penn vert vi betre kjend med dama som sikrar mange heimar dei viktige julepotetene og julegrønsakene, Marie Korsvik frå Fitjar. Også juleandakt og juleevangeliet har sin naturlege plass i juleheftet.

No er altså dette innhaldsrike juleheftet på plass på dei vanlege utsalgs plassene. Dette gode julenummeret fortener sin plass alle juleheimar. Og gløym ikkje utflytta slektningar og vener.



10 år med Hobbyklubben. Her er elektronikkgruppa i 2005

Tekst og nett: Thor Inge Døsland  
Foto: Hobbyklubben v/Tore Mathiesen.